

# Jonas Vellesens Minnebok

## En skildring fra Bjerkreim 1850-1860

\*

Den kjente læraren Jonas Vellesen fra Veen i Bjerkreim, som blant annet skreiv flere lærebøker, skreiv i 1886 ei ættesoge og minnebok som Time kulturminnenemd skreiv av i 1968, og som ble trykt i Skulemuseumslaget si årbok i 1989.

Jonas var fødd i 1842 og døde i 1915.

«Jonas Vellesens Minnebok» var vel skrevet med henblikk på hans slekt, slik at etterkommerne skulle få kjennskap til hans barndom og ungdom, og neppe tenkt utgitt i trykken. Boka (en tykk skrivebok) var tatt vel vare på i familien, inntil den vart offentlig kjent i 1967.


Her er tatt med den delen som omhandler hans tid på Veen. Jonas skreiv friskt og levende og skildrer hvordan det var i Bjerkreim på denne tiden.

Denne boka er nok blant den beste litteraturen som finnes fra området i tidsperioden midt på 1800-tallet, og har almen kulturhistorisk interesse. I tillegg til hva Jonas Vellesen selv forteller, har jeg tatt med foto og laget egne tegningene for å gjøre boka ytterligere leseverdige.

\*

Aaland Gård, september 2010  
Paul Tengesdal

## VEEN I BJERKREIM KOMMUNE



*Veen er den nordligste garden i Bjerkreim Kommune og grenser i nord, øst og vest til Gjesdal Kommune. Mest kjent er Gloppedalsura (Nord Europas største steinur) som ligger i eiendoms grensen til garden mot øst. Vegen fra Veen til Byrkjedal går gjennom denne ura.*



*Garden Veen sett fra toppen av Gloppedalsura.*

## JONAS VAR SJUKLEG SOM BARN

Kyndesmess-dagen (den 2dre februar) 1842 kom eg til verden. Det første året treivs eg godt. Eg kunne gå, før eg var årsgammel. Men så fekk eg barnesjuka (den engelske sjuka). Mor trudde at denne sjukdommen smittet, og at eg hadde fått den av eit fremmed barn, som ei kone en gang la i vogga mi. Doktor eller lækjer søkte ingen i Bjerkreim på den tid, i alle fall ikkje for barn.

Andre sjukdommer følgde nok med. Mor fortalte meg, at eg lenge hadde hatt vond i augo, og at eg i lang tid ikkje såg nokon ting. Ingen visste råd. Då eg var 2 år, sydde mor ferdig likklede åt meg, og tenkte på likferd. Men det gjekk ikkje slik dei tenkte. Eg vart likare og kom meg noko etter kvart; men det gjekk smått.

Eg var ikkje god til å gå, før enn eg var på lag 6 år. Mine to yngre brør, som begge heitte Olav Enevald, fekk same sjukdommen, og døyde begge to, den eine etter den andre, men eg har nå (1886) livet i 44 år og er nå så rask og sterk, som eg aldri har vore bedre.


Men den harde sjukdommen i barnedagane sette meg tilbake i vokster og svekte synet, så eg måtte begynne med briller, før eg vart vaksen. Det er lite eg minnes fra disse tunge sjukdomsåra. Eg har en draum om, at det gjorde meg vondt når eg såg, dei andre barna gjekk og leika, mens eg måtte liggja eller sitja. Ei gong minnes eg, eg sat på ein liten stol, eg hadde fått. Denne vesle stolen stod framfor forsættet framfor bordet, og på forsættet stod ei skål med søt mjølk og dravle; som mor hadde gitt meg; men eg var ikkje god for å eta, endå eg likte godt denne maten. Eg kjente verk i hovedet og spyta stod i halsen, og laut til sengs. Men då det løyste seg, gjekk det fort, sa mor.

I 8-års alderen kunne eg fylgja med mine jevnaldringer i berg og bakkar. Alle undrast på, at det kunne verta menneske av meg, som så lenge hadde vore sjuklig. Når eg såg store flokker med kyr, geiter og smale (sauer) som vart drevne ned ræget til bumarka, og når dei på same tid både rauta, mekra og bækte, då totte eg det stod til. Og når så kreatura tok opp over alle bakker og for avleides, då tok eg fram kniven og lagde kjepper og kvister til kyr og sauer, sette dei i fjøs og dreiv dei heim til marka. Eg leika så lenge med dette at folk sa: «Anten må denne guten verta ein kreaturhandler eller ein stor jordeigar med mange kreatur.»

Eg vart ikkje noko av dette; for det var dårlige spåmenn. Av barneleiker er det ikkje godt å seie, kva folk vert til; borna leiker helst med det dei ser føre seg. Men ellers har eg alltid likt husdyra, og til å gjæta var ikkje for meg til så stor plage som for andre born. Når min bror Velle, som var tri år eldre, skulle gjæta, gråt han stundom, så kyrene vart stående rundt om ham og einstirde på han, som om dei tyktes synd om ham. Han lengta så, når han skulle være åleine, og derfor laut eg snart fylgja han.



Kartet viser bygninger  
fra året 1900 tegnet i svart,  
og omriss av bygninger fra 1974



Figur på Veen i året 1900

- a - Anders Iversen
- 1 beboelsefus
- 2 fjos og loe i en lengd
- 3 naustet
- 6 - Viljen Gundersen
- 4 beboelsefus
- 5 fjos og loe i en lengd
- 6 staff
- 7 naustet
- 8 torvfoa
- c - Martinus Pederson
- 9 beboelsefus
- 10 uteido
- 11 fjos og sauehus
- 12 staff
- 13 loa
- 14 naustet
- 15 torvfoa
- 16 beboelsefus
- e - Omand Pederson
- 17 fjos
- 18 loe
- 19 staff
- 20 smia
- 21 torvfoa
- 22 beboelsefus
- 23 fjos og loe
- 24 torvloe

Veen i Bjerkeim  
1900



## OM GJÆTING PÅ VEEN

Bumarka på Veen var ikkje utskiftet på den tid. Alle kreatura på garden (heile Veen) skulle følgjast. Det var ein bråte på 60-70 naut, 150-200 stykker med smale og 70-80 geiter. Fra våren av skulle kyr og sauer fylgjast åt; men geitene laut nå ha en eigen veg over fjell og tinder.

Det var ikkje greit å kunne gjæte så mange kreatur. For ein var det umulig; ein laut minst være to, ja stundom tri. Det gjaldt å passe nøye på at skrubb (ulv) og bjørn skulle få noko, og så laut ein om våren sjå vel etter, om nokre sau lemde (fikk lamm); for ein måtte bæra med seg lamma heim om kvelden.

Etter gamal skikk fekk gjætaren anten eit egg eller ein skilling for kvart lamm, som han bar heim. Lamsauene fekk være heime eit par dager hjå dei nyfødde lamma; men snart vart dei skilte åt. Lamma laut om dagen halde til i lammagarden (lammabingen), og sauene laut ut i skog og mark og finne mat. Sauene visste godt kor lamma deira var, og då dei har borna sine kjære og lengter etter dei, skreik og bækta dei mest heile dagen, og i fall gjætaren ikkje var på sin post, så lurte dei seg heim.

For gjætaren var det ei stor skam å sleppa heim lam-sauene. Mange tider sprang han seg mest forderva, for han ville ikkje la den skamma komme over seg; men sauene var ikkje dei beste til å kappspringa med. Når kvelden kom, fekk kvar sau sitt lamm, og då vart der lokring og glede.

For gjætaren var det ikkje stort bedre, når lamma vart så pass store, at dei kunne følgja mødrene sine; for, når sauene hadde lamma med seg, brydde dei seg ikkje så mykje om å følgja flokken, men gav seg etter, den eine her og den andre der, og gjætaren laut passe vel på, skulle han få alt med seg heim om kvelden.

Gjætarna laut ut med creaturene om morgenen mellom kl. 5 og 6, og kom heim att først mellom kl. 7 og 8 om kvelden. Hver gjæter bar ei lita skreppe på ryggen. I den hadde han flatbrød og ei øskje med smør, ost eller myse-smør. Dette var den vanlige nista hans. Sjelden hadde han noko annet med seg. Når creaturene gjekk rolig og åt, fekk gjætaren og passe på å eta; for, når sauene tok sin veg og kyrne sin, då fekk gjætaren ikkje tid å sitja. Verst var det i solskinnsvær, når klegg og brems stakk kyrne. Då sprang dei, så ein mest ikkje kunne rå med dei.

Framimot hausten, når klegg og brems ikkje lenger plaga kyrne, vart dei roligare, og så tunge på foten, at dei ikkje kunne følgja smalen. Lamma vart då tekne fra sauene; for då kunne det ikkje gå an å la dei suga lenger. Der laut då vera 4 gjætarar, som gjætte kvar på sin stad: ein gjætte kyrene, ein geiten, ein den vaksne smalen og ein lamma.

## GJÆTARGUT

Det var ikkje mykje, eg gjætte; men endå står dei dagane levende for meg. Der var 5 mann på Veen, og dei hadde gjætinga kvar si veke; men geite-gjætinga hadde dei kvar sin dag. Eg gjætte bare, når me hadde gjætinga. Først begynte eg med lamma om hausten. Det var minst vågnad med det; for dei fekk gå nærast heime, så det ikkje var så farlig for udyr. Lamma gjekk for det meste roligere enn den vaksne smalen. Når eg gjætte dei, fekk eg jamnast god tid å hente tyttebær. Kyrne var og gode å gjæta om hausten; men ein laut lenger bort med dei, men sjeldent lenger, enn at ein kunne sjå heim.

Eg var svært liten det første eg var med Velle og gjætte kyrne. Eg var ikkje styrande så langt aleine, men skulle være med, bare fordi han ikkje skulle lengta så svært. Sidan gjætte eg aleine, og aldri totte eg, det fall bedre å lese og lære leksene, enn når eg således var langt fra folk. Det falt bedre til å tenkja, når ein var så aleine.

Eg var heller ikkje gamal, då eg byrja å gjæte geitene. Dei styrte seg sjølv, så ein ikkje hadde anna å gjera enn å passe på, at skrubb og bjørn ikkje skulle få ta dei.

Geitene hadde sitt beite for seg sjølv. Det var det såkalla «bortra fjellet», eller fjellet austanfor Veen. Når ein hadde fått dei gjennom ræget og brua, visste dei vegen sjølv. Dei tok opp brekka, og så opp Mjådalen. Ei geit styrte flokken og var fører. Alle dei andre rette seg etter henne; ingen tulla seg bort. Om nokon gav seg etter ei lita tid i ein bjørkelund eller ein grasbakke, kunne ein trygt gå fra dei. Det varte ikkje lenge, før dei kom springende etter og slutta seg til flokken.

Oppi enden av Mjådalen ligg Mjådalstjønna. Når dei kom framom denne, tok dei ned over Lanes-liane. Derifra ser ein Lanes, ein liten gard på ein tange i Maudalsvatnet. Men eg våga ikkje sleppa dei langt ned etter dei tjukke skogliane. Eg møtte dei til å gå oppover, og snart var eg og heile geiteflokken på høgaste fjellet.

Mot middag la geitene seg til å kvila mest eit par timar. Dei låg alle i ein flokk. Då fekk eg og kvila. Men det gjekk ikkje an å leggja seg til å sova; for då kunne ein lett verta lurt. Dei kunne stryka sin veg, medan eg sov, og då kunne ein ikkje veta, kor dei hadde tatt vegen.

Kviletida nytta eg ein gong til å gjera ein laup (øskje). Eg fekk borken av ein ung raun og saumde så denne borken ihop med ein mjuk, tynn bjørketeg (tynn rot) til ei slags øskje, som eg sette botn og hald i, når eg kom heim. Ei slik øskje kalles ein laup, og brukes jamnast til å hente bær i, og bær finn ein gjætar i mengdevis.

Når geitene hadde kvilt ut, vart dei lette på foten. Føraren reis først opp, og snart var alle ferdige. Nå bar det på heimveg att; men dei hadde mange veger, og ingen kunne forut seie, kva leid dei ville ta. Dei gjekk og beit, eit bit her og eit bit der. Aldri stoppet dei lenge noko stad. Best lika dei seg i smått bjørkekratt eller fjellrape. Dei stillte seg stundom på bakbeina og bøyde ned små tre med framfötene og åt av heile toppen. For skog var dei til skade; men helst var dei til nytte. Dei mjølka mykje og tok om sommeren si næring i fjell og sidedaler der andre kreatur sjelden kom. Og så var dei så sprettande og levande for seg, at ei kunne bli lettlivd, bare ein såg dei. Mest morsomt var det når dei fekk kje; for desse var så kynuge (tamme), at dei fylgde etter folk som små hundar.

## MØTE MED BJØRNEN

Å gjæta i ville fjell og øydemarker utvikler guttungen. Han lærer å stå på egne bein, når han er langt borte fra andre folk, og det skal ikkje så lite til å styra ein brote med kyr og sauer i skog og ulende, aller helst når udyr ikkje er langt borte. Meir enn ein gong kjende eg meg liten og redd; men når alt gjekk godt, voks motet.

Bare ein einaste gong var eg ute for udyr. Det var på Espeland. Eg gjætte der 4de kvar veke hjå Nils, bror min. Eg hadde sauer og geiter å passe på og var alltid aleine; men så var det heller ikkje så mykje kreatur der som på Veen.

Det var ein dag i august 1856, det året eg gjekk og les for presten. Eg var 14 år. Eg drog med kreaturene opp over Svibakken og dreide så mot aust gjennom ein skog som heiter Timrehogg. Midt i tjukke skogen stokk kreaturene og stilte seg sammen i ein tett flokk. Då eg såg meg omkring, vart eg var ein bjørn, ikkje større enn ein sau. Eg skrålte og skreik, og bjørnen forsvant mellom tre og stein. Ein slik liten tase trudde eg ikkje var å ottast for og drog så min veg over Kvernabekken, inn over til stølen. Der var godt beite og fagert vær. Kreaturene nøyd det, og hadde det godt. Eg hadde med meg ei bok og les. Ut på ettermiddagen drog eg heim over på søre sida av Stølsvatnet; men då eg kom til Ystebrekki, stokk kreaturene att og stilte seg ihop så tett, dei kunne stå. Eg steig opp på ein stor stein for å sjå kva det var. På den andre sida av steinen såg eg då ein stor svær bjørn og to små. Ein av desse var det, eg hadde sett tidligere. Dei var ikkje lenger ifra enn tvers over stovegolvet.


Eg tvilte ikkje eit grann på kva eg skulle gjera. Tidt hadde eg tenkt på, korleis eg skulle fara åt, når eg møtte skrubb og bjørn. Eg skoia, skreik og skrålte og gjorde den larm eg kunne. Stundom

vende eg meg mot kreaturene og ropte: «Kom no, kara! Her er bjørnen»; og stundom peika eg på dyra og sa: «Her er dei; kom fort!» Eg oppførte meg som om eg hadde mange folk bakfor meg. Bamsen var ikkje blid. Han stod på bakbeina, gapte og viste tenner. Han gjekk to tri steg mot meg. Han syntes væra svolten. Det var likt til at han var huga på ei steik. Eg holdt på med mitt, men vågte ikkje til å retta staven imot han; for eg ville ikkje egla han på meg. Men så let han armene sige så smått ned mot marka, snudde seg ifrå meg og byrja gå litt, vende seg så mot meg att og såg på meg, men snudde snart og tok på å springa, så det knaka og braka i ungsbogen. Dei to små, som heile tida hadde stått og stirret på meg, fylgte med.

Då bjørnane kom i enden på Ystebekktjørn, tok dei over Ystebekk og kom så snart av syne i Timrehoggskogen. Geitene og smalen stod endå ihopstuet. Eg var med nauda god for å få dei av flekken; men då eg fekk dei til å gå, bar det fort avstad. Eg dreiv dei heim høgare oppe i lia under sjølve nuten, både fordi dei ikkje ville gå der bamsen hadde gått, og fordi om bjørnane skulle kome att, så var det bedre å væra høgt oppe; for då kunne det hende, at folk kunne sjå det og koma til hjelp. Men eg såg ikkje meir til dei.

Eg dreiv heimat så fort, eg kunne. Snart bar den nedover Råsi og så bort over Stigarklopp og heim. Det var med målet eg hadde hjulpet meg; men nå var det så lite att av det, at eg knapt kunne fortelje, kva som hadde hent meg. Eg trudde, folk ville ha samla seg og gjort manngard omkring bjørnane og fanga dei. Men der var korkje skyttar eller bjørnerifle, og ingen hadde hug på den ferda. «Det er for seint i kveld», sa ein husmann «det vert snart mørkt», men om morgenen sa han: «Ja nå, nå kan beistet være 7 mil på skogen.»

### KLYNGETUNET PÅ VEEN



Tegning av det gamle klyngetunet på Veen slik det var i året 1900. Se og side 4.

Beboelsehus er angitt med nr. 1, 4, 9, 16 og 22.

For ytterligere informasjon, se Bjerkreimsboka II, side 1400 og 1401.



## STØLSFERDA I 1850

Det er bare jul en gang om året pleier ein å seia, men jammen totte eg, det var jul to gonger kvart år, då eg var liten, for eg gledde meg likså mykje til stølsferda som til jul. Det var ein mandag i juli, eg var 8 år gamal det året. - Mor vekte meg tidlig opp om morgenen, og eg var heller ikkje lenge om å få på meg klærne og gå ut. Eg minnes alt så vel, som om det var i dag. Sola var ikkje komt langt ifrå fjellet. Klokka var knapt 6.

Men ut på tunet stod 3 gjætere ferdige til å dra avgarde. Den største kunne være på lag 17 år, og heitte Mikkel. Han hadde ny sydvest, og på denne kunne en mest sjå, korleis været skulle verta. Ventet Mikkel regn, så lot han den gule rettsida snu ut; men ventet han solskin og varmt vær, vrengde han sydvesten sin, så det varme, grønne ullforet snudde ut, og bakkdelen vende han fram, så sydvesten vart som ein slags solhatt. Dette hadde han gjort i dag, for himmelen var klar og rein, og ein kunne knapt sjå ein skyflekk.

På ryggen hadde Mikkel ei lita skrepp med mat, og under skreppelokket låg ein rull som stakk langt ut til begge sider. Det var et godt barked geiteskinn, som han sveipte om seg, når der kom regn. I handa hadde han en randlestav, som han sjølv hadde skoret og laget til. Ved den venstre siden dinglet en kvass tollekniv i slira, og under den høgge armen hekk ein lur, som var bunden om halsen med ei reim.

Den andre gjætaren heitte Hans og var ikkje meir enn 14 år. Han var mest utrustet på samme vis bare med den skilnaden, at han hadde bukkahodn istaden for lur, og så hadde han ikkje sydvest, men ein gul stråhatt, som mor hans hadde flettet av rughalm og saumet ihop.

Den tredje heitte Svein og var på lag 11 år. Han hadde bare ei beinpipa til å blåse i; men ellers var han like godt utrustet som die andre.

Mikkel var høvdingen for dei. Med vyrnad steig han opp på ein stein og skreik med full hals: «Nå må de sleppa – a – a! - geitene og smale – e – en!» og så bles han i luren, så det hørdest over heile garden. Kyrne hadde dei først slept ut.

På timen, vart 5 fjøsdører og stalldører letne opp, og geitene og sauer kom rennande. Snart yrde og krydde det med småkreatur mellom husa.

Der er 5 gardamenn på Veen, og dei 4 bur så nær kverandre, at der bare er små gater og smau mellom husa, og då kvar mann har mange hus, vert det heile mest som ein liten by. Det vart leven i desse gater og smau, då geiter og sauer skulle sankka seg ihop til ei drift. Det eine lammet etter det andre vart skilt fra mor si i desse gater og smau, og nå skreik dei og ropte på kvarandre både sauer og lamm, så der vart slikt skrik og skrål, at ein knapt kunne høyra mannamål.

Sauer og lam, geiter og kje – smått og stort – sprang om kvarandre i ei røre, og det vart eit heilt ståk med å få dei av garde.

Nokre unggeiter og kje hadde ærend alle stader. Det var mest likt til, dei ville fara rundt heile garden og seia «velfara» nå, då dei skulle til støls, og både store og små laut svara på denne helsinga med sveper og riskvister, så dei ikkje skulle halda på med dette for lenge.

Dei eldste geitene tok først vetet til seg og stevnet mot Rækjebakken, der alle skulle samla seg. Dei andre vart etter kvart nøyde til å ta samme leia. Men nokre kje for med galskap til det siste. Dei stakk seg av under ei stolpebu. Ei gjenta treiv då ei lang fiskestong og stakk og slo etter dei under bua. «Hæss, hæss! Ut med dykk, stygge trollunger!» sa ho, og så laut dei etter dei andre.

På Rækjebakken samlet dei seg alle, som hadde slept ut smalen og geitene og vende dei på den rette vegen. «Gud gjeve, buskapen nå måtte trivast vel opp på fjellet og ikkje verta ute for skrubb og bjørn og annet trollska!» sa ho Gamla-Gunvor, og det same ynskte alle dei andre og gav seg til å stå og sjå etter den heimifrafaranede drifta.

Men eg ville nå fylgja gjæterne eit stykke på vegen. Me laut driva fort på ei rekke, som førte fra garden, for geitene ville hoppa over steingarden bort i enga, og over Bekkjabru gjekk det så fort, at eit lamm vart skuva ut i bekken; men det krabbet seg tillands, ristet av seg væta og gjekk til mor

si, som stod og skreik, og beitet frampå bredden.

Då alle var komne over brua, gjekk det så lagligt og smått framover. Og i Orrabakken nådde smalen og geitene att kyrne, og nå spreidde dei seg vidt og breit og tok til å eta. Flokken var ikkje liten. Det var på lag 70-80 naut, 90 geiter og tett på 200 stykker smale. Når heile denne bråten gjekk således spreidd ut over ein stor bakke, så ein godt kunne sjå alt med ein gong, tykte Mikkel gjætar, det var det venaste han såg, sa han.

Og det var også eit syn! Kyr, kviger og kalver med mest alle slags farger; raude, kvite, svarte, grå, brannete, blådropplete, raudropplete, svartside, rausidte, blåside, rauflekkede og svartflekkede, hornede og kollede, - bukker og geite med endå meir blenkjende farge; drivande kvite og rammande svarte, ålutte og skjorutte (som skjora) og så alle desse kvite og svarte sauer og lamm – ja, det var eit målarstykke så stort og fagert, at knapt nokon måler er god for å skaffa maken til det.

Det skiftet ham, dette målarstykket, etter kvart som buskapen seig opp etter den høge bakken. Snart tøyde det seg ut og vart uhorvelig stort, snart trekte det seg ihop og vart mindre; stundom var det langt og smalt, stundom kort og breidt, stundom rundt og stundom mest firkantet, stundom tunget og tagget og stundom mest som heilskore i kantane, men alltid med mange blenkande farger.

Oppe i bakken vende gjætarene seg og song (med stevtone):

Ja, kom nå Gulldokka, kom nå Blåsid!  
Kom Rosa, Dalreid, kom Svartsid, Gråsid!  
Kom vene kalver og store kyr!  
Kom geiter, sauer og alle her!

Me seier farvel og for oss takker,  
Så dreg me opp etter berg og bakker.  
Me fer fra heimen i dalen trong  
Og helser fjellet med leik og song.

I tronge dalen er lite beite,  
Her kan de slett ikkje verta feite,  
Men opp på fjellet treng inkje rom,  
Der kan de vada i gras og blom.

De skal så eta, som de skal sprikka,  
Av klåre kjelda skal de få drikka.  
De skal kje stengjast i myrke fjos,  
De skal få dager med sol og ljøs.

Eg skulle ikkje følge gjæterne til stølen; difor laut eg skiljast med dei og med lammet mitt, som eg hadde passet vel på frametter heile vinteren.

Men det skal bare være for ei lita stund, tenkte eg, då eg for heim att over Badstuflo; eg skal koma etter i dag, for i dag skal me tilstøls alle ihop både store og små, så mange som kan krypa og gå. Då vert det tomt heima på garden. Ingen inne og ingen ute.

Eg slepp å binda inn geitene i kveld. Nå får geiteklavane hanga tome ned etter heile geiterekka. Geitene kjem ikkje att på lenge. Kan hende eg gløymer, korleis dei stod. Bjøllegeita var nå den fyrste, for ho er den sterkaste til å stanga. Så var det Storragg; ho er nest den sterkaste. Blånykla var den tredje i rekka; ho har stanga seg høgt opp, så liten som hun er, og bit gjer ho og. Så er det Raubåla og Sprikjehorni og Skjeri – jau, eg skal kom dei ihug alle ihop; det er 19.

Kjeagarden lyt og stå tom. Mor seier at dei kan gjerne riva han ned, for når kjea kjem heim

frå stølen att, vert dei så store, at me kan binda dei på geiterekka som vaksne geiter. I smalagarden kjem der heller ikkje ei klauv, og hønene kan få rå over alle kubåsane.

Men kva skal eg nå gjera, når eg kjem til stølen? Jau, der kan eg få gjera, kva eg vil heile dagen. Eg kan kliva opp etter risper og trapper i Stølsberget. Eg vil få med meg smågutane og byggje ei lita kyrkje av stein med tårn på liksom, som den litle kyrkja me har på Steinsvollen her heima, som me leka med.

I Bekkjadalen vil eg skjæra stavar av raun og selje og måla dei med orrebork. Så skal me til kyrkja på desse stavane, liksom dei vaksne rir til den store kyrkja langt ute i dalen på dei store hestane sine. Eg vil flekkja lauper (korg av raunebark) i Rindalholå og sauma dei ihop med seige bjørketeger (bjørkerøter). Far vil hjelpa meg til å setja botn og hald i dei. Den største laupen vil eg henta molter i. Der er så mange molter på Grønemyr og på Myrbærleitet og på Båtland og i Blomhom, seier ho mor, og eg vil henta mykje. I den andre laupen vil eg henta blåbær, og den tredje skal være kreklinglaup.

Så vil eg fiska i Grønemyrbekken og i Tverå og Rauå og i Benavatn og Glipatjørn. Det er så mykje fisk her, seier dei. Far vil skjæra meg ei fiskestong i Tverådalen. Han seier, der er så mange beine, fine stenger. Taum og krok har eg fra før. Jau, det skal verta gildt på stølen!

Medan eg således gjekk og tenkte, kom eg heim at. Då stod kløvhestane for døra med kløvsaler på ryggen, og far og mor og heile huset hadde arbeid med å samla ihop og bæra fram det me skulle ha med oss på stølen.

Det var ikkje lite det: mjølkekoller og mjølkringer, stamper og holkar, gryter og tvorer, treskåler og treskjeier, øskjer og kanner og ostafat, kinna og ausa og mykje meir slikt, men ikkje steintøy, for det kunne lett gå i knas. Så var det gangklede og så mykje mat, som heile huset kunne trenge i 3-4 veker. Ei stor bumma var full av flatbrød, bakt av havremjøl. Ho var halvrund, og på den størrelsen, at ein kunne leggja leivane ned i, når dei var bråtno i to. Så var det ei hid (skinnpose å ha på ryggen) med byggmjøl og ei hid med havramjøl og ein tøypose med rugmjøl og ein med salt, pølsa og spekekjøtt, men ikkje fisk, for ein kunne fiska aure på fjellet.

Alt laut pakkast ihop. Mykje snørte og batt dei i kløvmeiser, og dei hengde ei meis på kvar side av kløvsalen. Noko hadde dei i sekker og la det opp i sjølve kløvsalen og bandt og surret det til.

Dette tok tid. Det er ikkje liten kunst å få kløv til å liggje godt, så ho ikkje skal detta av, når hesten går i bratte bakkar og berg, og denne kunsten har dei gløymt i dei meste bygdene, fordi dei har fått så mange gode kjøreveger, at dei ikkje tar kløvja.

Dei ville ikkje kløvja orv, river og ljåer og slike ting, som lett kunne brekke sundt eller gjere skade. Det var tryggere å bæra slikt. På lag 50 nyslippede ljåer sveipte dei i ullklutar, og så snørte dei eit skinn rundt om dei og batt dei på ein bakmeis, som ein av slåttekarane tok på ryggen sin. Dei laut ha mange ljåer, for dei skulle slå oppe på fjellet i 3-4 veker og hadde ingen slipestein med seg; men heima var det så lett vint å slipa, for slipesteinen gjekk med vatn.

Då både hester og folk hadde fått på seg børenne, bar det av garde. Eg ville helst vore med, men mor sa at det var nok best, eg følge mor, når det lei utpå dagen, for slåttefolket ventet ikkje lenge på stølen. Dei ville bare sette inn kløvjene, og så gjekk dei på slåtten med det same, og det var for lang veg for meg. Eg kunne bli trøyt for eg var for liten. Men eg fekk fylgja et stykke på vegen, og andre gongen kom eg til Badstufåt. Der samlast folk og kløvhester frå alle mann på garden, så det vart ein heil flokk, og alle hadde noko å bera på. Nokre hestar gjekk stilt og rolig, så kløvene skulle ligge stødt og godt; andre ville byksa dei av seg. Ei brun merr støtte kløvet mot ein høg stein, så ho datt av og laut leggjast opp att på nytt lag. Sidan leidde dei denne merra i beislet, så ho ikkje skulle få gjera meir ugagn.

Det bar opp etter Stølsbakkane. Hester og folk gjekk i ei lang rekke. Eg sat på ein stein og såg på dei. Fyrst då alle var avleides, strauk eg heim att.

Mor! Nå er gjæterne og kyrne og geitene og sauene komne opp over Stølsbakkane, sa eg, då eg kom inn. Slåttefolket og kløvhestane er også nådde opp over leitet. Kva tid skal nå me avstad? Å, det vert ikkje så lenge det, svarta ho; nonstid tenkjer eg, me vert ferdige. Non! Ikkje før? sa eg og



strauk ut og ville sjå på skuggane i fjellet. Eg skjøna betre fjellskuggane enn klokka. Først vende eg meg mot Helgefjellet. Det såg høgast ut og hadde den brattaste fjellveggen. Skuggen var stor der. Solen hadde ikkje ein gong nådd den store Ni-steinen nedenfor fjellveggen. Så skulle ho skina over Ti-steinen, som er mykje mindre, og over alle dei andre steinane, både dei store og dei små, og over alle bjørketoppene, og så skulle ho opp etter den store fjellveggen. Når ho hadde nådd heilt opp, var klokka ikkje meir enn ett, og då var det endå to timer til non (kl. 3).

Eg vende meg til Husafjellet mot nord. Der var det rette merket på non. Midt i fjellveggen er det ein skarp kant, og der tek skuggen til å syna seg mellom klokka 1 og 2, og når han kjem til nokre bjørker, som står i ei kløft, då er klokka 3, og då er det non. Men enno var det ingen skugge å sjå. Sola blenkte opp etter heile fjellveggen. Å! Det vert lenge til non i dag, tenkte eg.

«Kom inn og vær med meg!» ropar mor. «Snarere vert me ferdige. Stå ikkje der og stirr ende opp i lufta!» Eg inn då. Mor hadde mykje å gjera. Ho for hus over hus og såg etter alt det, som inne var, og gøymde det på rette staden. Kyrkjeklær og alle andre klær tok ho ned av veggene, ristet og kostet dei og låste dei ned i kister. Ho let meg rekna sølvskeier, sølvjer og sølvknapper. Alt sølvtøyet vart lagt i ei øskje og sett på kistebotnen. I den største øskje la ho ei ruve med plagg av silke, bomull og ull, og ovanpå la ho brudekjolen sin. Han var nær 30 år gammel, og endå lik som ny. Ho såg lenge på han, før ho la han ifra seg.

Kiste-nøklane bar ho ned i kjellaren og gjøymde dei i kjellarmuren. Det hadde aldri hent at nokon hadde brote seg inn i husa og stolet, når folk var på stølen; men etter gammel skikk var det tryggast likevel å låsa.

Enda er det mykje å rettleia og setja tilsides både ute og inne. Eg var med og gjorde det, eg kunne; men gong på gong laut eg ut og sjå etter skuggen i Husafjellsblikket, og til meir han vaks, til fegnare vart eg. Eg samla ihop det, eg ville ha med meg. I ein laup la eg nokre kyr som var vakkert utskorne. Dei var av tre, må vita. Nokre var droblete, andre flekkete, svarte og raude, og etter fargen deira hadde eg gitt dei navn. Ovenpå la eg kniven min. Med den kunne eg skjæra fleire dyr, når eg kom til stølen, så eg kunne få så stor buskap eg ville, og på stølen var det alltid best å ha mange dyr, for her var beitet best.

Endelig var me då ferdige. Me hadde bare att å lessa børene. Men døra på baksiden av huset hadde ingen lås, men bare ei klinka, og låsen i storedøra på framsiden var stiv og full av rust, så den ville ikkje gå att. Det var ikkje i den tid skikk å låse dørene korkje netter eller dager. Ein kunne sova trygt for åpne dører; der var ikkje noko å reddast for. Bare når ein drog til støls, skulle ein låse, og det var bare ein gang om året. Men derfor gjekk det heller ikkje så fort med dette arbeidet. På bakdøra sette me ei jernstang; den stengte godt, og med smørning og vriding fekk me sistpå storedøra i lås.

«Nå i Jesu namn!» sa ho mor; «nå er me ferdige», og så bar det av garde. Skuggen var kommet langt nok; han nådde alt til fjellsenden og hadde ikkje langt att til den store steinen, som heitte Ørnasteinen. Han såg fælsleg ut denne steinen. Under han var der ein heller, og der hadde ørna holdt seg i gamle dager, sa dei. Kan hende, ho kunne være der endå, tenkte eg og var mest redd. Det var då godt at stølsvegen ikkje gjekk framom denne steinen.

Stølsbakkane er lange og på some stader bratte og tunge å gå, så ein treng om å kvila på vegen. Der er to faste kvilestader – Sletthei og Nedraleitet –, og mellom desse er den brattaste kneiken attmed eit berg, som heiter Klikkto. Då me gjekk på nokre lause hellesteiner attmed dette berget, slo desse steinane mot kvarandre og sa: Klikk, klikk! Straks svara det: Klikk, klikk! i berget.

«Mor, kven er det, som står og hermer inne i berget?» laut eg spørja. «Ingen, barnet mitt!» svara ho «ingen kan koma inn i berget. Det er ikkje holt inni, men berre faste berget alle stader, og under det er det ingen heller. Når lyden møter fjellveggen, kjem han att. Det er med det, som når du kaster ballen din mot en vegg. Han støyter så hardt imot, at han sprett tilbake.» Eg hadde mange gonger sett, at ballen spratt tilbake, når han støytte mot noko hardt; men at lyden skulle koma att, når han møtte fjellveggen, totte eg var underleg.

Då me kom opp over denne bratte bakken, nådde me Nedraleitet. Fegne kastet me oss ned

på Kvilesteinen halv våte av sveitte og vende andletet mot dalen. Me var liksom fuglen, komme høgt opp i lufta, og nå kunne me sjå heimen vår ovenifra. Der nede låg garden med grøne åkrar og blømande enger, slett og fager mellom to vatn. Mest midt på sletta stod husa; dei tok seg ut som ein stor krans. Han skar i grønt denne kransen, for alle husa hadde torvtak, og der vaks gras og småtre på takene.

Dei kvasse fjella med alle fine piggar og toppar spegla seg i vatna og gav underlege skygger i kveldsola. Frå det eine vatnet til det andre gjekk ei lita elv, og mange bekker styrta seg ned over bratte berg og skunda seg ned etter bakker og lier for å komma ned i dalen. Men når dei to nådde ned, vart dei stille og rolege og skein som blanke sølvband i det klare solskinet.

Men med oss skulle det bæra oppover. Me laut venda oss frå alt der nede i dalen. Bare nokre steg fram så var garden av syne, og me for opp etter ein trong dal, der ei brusande elv bora seg veg mellom berg og stein og stundom laut gjera krok for å koma ned. Det var ikkje lettare for oss å koma opp; men endeleg nådde me det neste leitet, og då såg me stølen.

## GARDEN VEEN



*Garden Veen ligg mellom Ytre Vinjavatn og Indre Vinjavatn.*

*Fra gammelt av går det to ferdslårer fra garden. En i sør langs Ytre Vinjavatn som ble brukt når de skulle til kyrkja på Bjerkreim. En i nord som ble brukt når de skulle til Stavanger på byferd. Denne går langs Ramsvatnet og Djupavatnet til Gilja, derifra til Dirdal og over i robåt til Stavanger.*

*Gjennom Gloppedalsura var det helt ufremkommelig, og ingen ferdsel den vegen.*

*Vinjastølen ligg på en ett stort flatt område, med vidsyn omkring.*

## PÅ VINJA-STØLEN

På ei grøn slette stod 5 stølsbus. Kvar gard hadde sitt. Dei budde der oppe så nær kvarandre, at der var mindre enn eit steinkast mellom kvart hus. Nordanfor husa var der eit berg, som livde for nordavinden; men på dei tri andre kantane var der ein høg steingard eller mur, så stølen såg ut som ein hage. I denne hagen hadde budskapen lega si; Der låg kyr og sauer om natta; men geitene lika

best å liggja oppe i berget, og brydde seg ikkje stort om den muren, som skulle væra til verge for bjørn og skrubbe og andre udyr.


Alle stølshusa var like store og likna kvarandre både utantil og innantil. Dei var murte av gråstein med lite og ikkje leir og slett ikkje kalk. Murane var somme stader så grisne, at ein kunne sjå gjennom dei. Rivnene mellom steinane vart stundom tetta med mose, og dette lika smågutane godt å gjera.

Taka var av never og torv, og på dette torvet voks der gras og raune- og bjørkebusker. Ifall at bukker og geiter kleiv opp for å gjera seg tilgode med dette graset og lauvet, vart den lågaste baksida stengt med staurar og stenger.

Alle husa vende den eine enden mot aust og den andre enden mot vest. Døra var på sydsida nærast den østre enden. Ho stod mest alltid åpen om dagane, når der var folk inne i stølshuset, for at dagslyset skulle koma inn. Men ellers kom der også litt lys gjennom to små ljorer, den eine i den østre og den andre i den vestre enden av huset. Vindauga fantes der ikkje.

Golvet var av finstampa fast jord, som sjeldan vart sopa, og likevel var der alltid frisk luft inne i huset.

## STØLSHUSET



*Plantegningen viser stølshuset slik Jonas Vellesen beskriver det.*

*Veggene var av stein og taket var torv-tekt med to åpninger (ljorer), en over grua og en over bordet innenfor døra. Her slapp røyket ut, og dagslyset inn. Stølen hadde ingen vindu, og bare en dør ut til det fri, som for det meste stod åpen.*

*Alle stølshusa på Vinjastølen var vendt i samme retning, med inngangsdøra på sørsiden. Dyra gikk ute i en innhegning omkring stølshuset.*

Gruva var midt på golvet på lag eit par meter frå den østre endeveggen. Gryta hekk i en skjerding (justerbar jernstang), og rundt omkring stod tri hellesteiner; men elden brann på sjølve golvet. Omkring gruva var der sæte, så ein kunne sitja og varma seg med elden, når det var kaldt. Veden låg i lag, ved den østre veggen, så ein knapt turvde reise seg opp for å nå han, når ein ville leggja han på grua. Det var mest bare småbjørk, ein hadde å brenna der oppe.

Røyken gjekk opp gjennom begge ljorene (åpning i taket). Han steig for det mesta så fort opp under taket, at ein ikkje hadde stort naud med han, sjøl om ein sat tett med grua; men åsane,



raftene og alle borda opp under taket gjorde røyken kolande svarte.

Ved den nordre vegg midt for døra stod et lite bord med benker omkring seg. Mellom dette bordet og gruva hadde dei fleste kjerald plassen sin.

På den vestre endeveggen var mjølkeskåpet med mange rader av fulle mjølkekoller. Ellers var der også hyller mest alle stader høgt oppe på murane. Desse bruktest snart til det eine og snart til det andre.

Sengene stod i rekker attmed begge langvegger, alt i fra døra til den vestre endeveggen, seng i seng, og imellom desse sengerekkene var der ein gang. Dei var ikkje arbeidet av nokon snikker desse sengene. Botnen var bare jordgolvet, og sjølv steinveggen var den eine sida, sengklede var kvitlar (laken av ull), åklede og koddar (hovedputer). Framsida og begge endane av senga var av runde stokker. Kvar hadde sætet sitt på stokken framfor den senga, han sov i om natta. Når folka åt, sat dei også tidt på sengestokkane, då ikkje alle kunne få rom attmed det litle bordet.

Når eg sidan har høyrst eller lest om, korleis fedrene våre før Olav Kyrre sin tid hadde det i husa sine, har eg stødt kome i hug denne stølen, og eg trur, dei skulle kjenna seg betre att der enn heima på storgardane, ifall dei skulle «sjå att på jorda», og når eg kjem i hug, kor gildt me hadde det på stølen, så tviler eg ikkje på, at dei gamle nordmenn kunne leva vel i dei svarte røykstovene sine med åpen eld istaden for omnar og med ljorar og glugger istadenfor skorsteiner og glas, med faste langbenker istaden for stoler og med stokkfaste senger frametter med heile langveggene.

Det var nå heller ikkje så mykje at folk helt seg inne i stølshusa om dagen. Fra morgen til kveld var dei mest på slåttan og slo og rakte. Gjætarane laut fylgja buskapen over berg og daler, og barna var for det meste ute og leikte, eller dei hentet molter og bær, og sume tider fiska dei med stong. Bare kona i huset helt seg inne mest heile dagen. Ho hadde så mykje å gjera med å koka, ysta og kinna. Men om kvelden samla alle seg på stølen; derfor var dette den beste stølstida. Mest høgtid var det nå alltid den første kvelden, for då var alt så nytt.

Knapt hadde eg nådd opp til stølen, før geitene kom i leite på åser og tinder; dei såg mest ut som kvite prikkar. Kyr og sauer beitet seg ned etter bakker og brekker. Bjøllene singlet og ringlet. Kyrene rautet, sauene bakte, og geitene mekret. Gjæterne hauket og bles i luren. Alle helsar på stølen, kvar på sin måte.

Alle samlet seg inn på lega. Sláttefolka kom også. Dei gamle kyrne var framifrå. Dei visste så vel, kva stølshus dei skulle halda seg til, for å treffa dei som åtte dei. Nokre ville like inn i husa liksom for og ropa på mjølkarne. Dei venta vel på å få litt salt og sundslegne bein, som dei var vant med å få på stølen.

Gjentene møtte dei, og tok til å mjølka både kyr og geiter, og guttane rekna smalen og såg over, om der var så mykje, som der skulle vera. Og gjætarne gjorde seg til av det, at dei ikkje hadde gjætt bort ei einaste klauv.

Dei fekk med seg guter og gjenter til å samla ihop tørre fururøtter og riva lyng, og så bar dei dette opp på Stølsberget. Der kveikte dei opp ein stor eld, liksom ein plar gjera jonsokkvelden. Dei ville skrema skrubb og bjørn med eld og røyk og med song og leik; dei ville landlysa alle udyr og alt trollskap, for nå var både folk og fe komne til stølen. Dette var velkomsten til stølen.

Mange av dei minnene eg har fra stølen. Når eg reis opp om morgonen, var far og dei eldste brørene allerede på slåttan. Eg var på den tiden for liten til å vera med. Var det godt vær, tok eg ei skål med velling og den biten eg skulle ha attåt, og gjekk ut på «Matar-steinen» og åt. Det var ein flat stein på lega; han var mest som eit bord. Så gjekk eg til ein liten bekk på den eine kanten av lega. Der hadde eg laga meg ei bru og ein liten kvernkall. Stundom stemde eg den vesle bekken, og så sleppte eg opp stemmen. Hadde mykje moro av å sjå, korleis kallen sveiv, og korleis brua stod seg i flaum. Oppe på berget var den staden kor borna leika seg mest. Der var høvelig å byggja hus og driva med dyr, som eg hadde skore av kjepper og stavar. Der finnes ikkje berg som eg har lekt så mykje på som på Stølsberget.

## MOLTEHENTING OG SOLFORMØRNING

Eg hadde ikkje mange leikekamerater på Veen. Det var ikkje stort meir enn to, nemlig Ivar og Enok, sønene til grannemannen. Stundom tok me langt bort fra stølen etter bær og multer. Eg minnes således ein dag, me våga oss så langt, som til Synjarsteinen. I Fossankrå råka me på slåttefolk, og desse synte oss vegen til denne steinen, som ligg i eit skar i Tverrfjellet. Der er bratte, men ikkje høge fjellvegger på begge sider av skaret; men då fjella ligg så djupt ihop, er der slik dvergmål (ekko) frå begge fjell, at det vert mest som ei song etter det, ein taler. Vesle Enok trudde han skulle få ta i lufta, når han kom opp på Synjarbakken, og det var ikkje stort bedre med oss, som større var heller, enn at me trudde det var enden på verda, og det vart ikkje liten undring, då me på andre enden av skaret såg både fjell og dalar og ei tjørn, Langa-tjørna. Me vart mest redde aller helst fordi det song i fjellet og i den store steinen for kvart ord, me sa. Me tok dei moltene me fann og skunda oss ned att.

Året etter, den 28. juli 1851 gjekk me også av for å hente molter. Først tok me til Seljå, som var ei god moltemyr; men moltene var allerede avhentet, anten det var av gjæterne eller nokre andre, eller det var geitene som hadde tatt dei. Så tok me til Grønemyr; men då me ikkje heller fann noko der, og me var komne så langt, strauk me til Tørildalen. Her stod moltene så tett, som dei kunne stå; men dei var ikkje mogne. Likevel tok me dei. Men så kom me ihug at det skulle være formørkelse denne dagen, og så stunda me oss heim til stølen so fort, me kunne. Stundom gjekk me, og stundom sprang me; men formørkelsen kom ikkje før 2-3 timer etter me nådde stølen. Velle hadde vore langt av stad og fiska. Han kom heim med et stort knippe med aurar. Fisken vart laga til. Mor steikte noko på panna. Så sette me oss til å eta. Men medan me åt byrja det å mørkna. Me lukka opp stølsdøra og såg ut over lega. Snart vart det så mørkt som om natta. «Herre Gud!» sa mor; «den store mannen kan gjera mykje; Gud bevare oss!» Me vart alle alvorlige. Då stølsfolket kom til stølen om kvelden, var det ikkje tale om noko annet enn formørkelsen. Kvar fortalte om kor dei var, då det stod på, og kva dei tenkte.

Då eg var 9-10 år, byrja eg å væra med på slåtten. Men eg var ikkje god for å stå så tidlig opp som dei vaksne. Dei var tidlige dei. Mor reis opp klokka 3-4 om morgoen og koka. Så stod slåttefolket opp og åt og gjekk på slåtten. Eg kom ikkje opp før kl. 7-8, og laut meir enn ein gong bruka hovedet for å finna vegen etter dei gjennom daler og ødemarker. Fleire gonger tok eg feil vegen, men nådde likavel alltid fram. Eg lærte meg tidlig å bruka orv og rive, og i høyveret var eg tidt med på å stekte høystakkar. Det meste heiahøiet vart stekt i den tid. Me hadde ikkje meir enn tri heialøer; Grønemyrløa, Tverrådalsløa og Vålansløa. Å gå å bera på tunge stakkstenger vart eg mange gonger svært trøyt av; men å stå på høystakken og leggja på torv var eg glup til.

I regnvær fekk eg stundom lov til å væra fri slåttearbeidet og ta fiskestonga og fiska, og eg lærte tidleg å fiska i fjellvatna med stegle utan å ha båt eller pram. Eg batt den eine enden fast i eit tre eller ein stein helst på ein tange, gjekk så rundt om ei vik og trekte snøret så langt ut i vatnet, som der var råd med, og batt så den andre enden også i land. Stegla stod natta over, og når dagen kom etter, drog eg auren eller ålen tillands. Dette var svært morsomt.

## FRA STØLEN OG HEIMAT TIL GARDEN


Om søndagane reiste me tidt heim til garden; men stundom var me på stølen heile helligdagen. Slåttefolket var trøytt og sov då meir enn vanleg. Der vart istaden lest mindre; for sjeldent hadde folk med seg annet enn salme- og bønnebøker. Imot kveld kunne ungdomen samla seg og ha litt moro ute på lega (stølsvollen). Når creaturene kom, gjekk både unge og gamle omkring på lega og såg etter, om kyr og sauer hadde kommet seg, sidan dei fekk godt heibeite.

Var det klapping og glede, når ein skulle dra til støls, så var det ikkje mindre, når ein skulle heimat, især når været var vått. I kaldt regnvær var det ikkje moro å bu i slike hus. Men anten været

var godt eller vondt, så totte nå alle, det var best å koma heim att. Ein gjæter gjorde nokre vers, som tydde på det. Eg minnes nå bare eit, som eg hørde vart songe med stevtone:

Når me kjeme på Yvre-leite,  
Så ser me Mjåsund, det laurdagsbeite;  
Men når me kjeme litt lenger ne`  
så ser me heile Hovland og Veen.

Ja, den som i 3-4 veker har budd på fjellet og ikkje sett ein gard, han kan godt kjenna, det letter og liksom løfter kroppen, når han ser «Hovland og heile Veen» og då især siste fagre garden, og når han så kjem heim, så er alt liksom nytt. Han flyter liksom frå Halvdan Svarte sin tidsalder og til den nyaste tid. Han skjøner på, at han kan få bu i eit lys og blank stove fri for røyk, får sette seg til eit godt bord kvart måltid, og om søndagen sette seg tilbords og lese Luther, Brockmann eller en annen huspostill, ifall han ikkje er med til kyrkja.



*Indre Vinjavatn sett fra Veen. Innerst ser vi Gloppedalsura. Strandaslåtten var langs dette vatnet.*

## STRANDASLÅTTEN

Det var også noko nytt og eit godt ombrøyte å slå vollen og høya inn det gode vollhøyet. Men når det var gjort, bar det langt frå garden att; for då byrja strandslåtten eller slåtten på stranda ved Indrevatn. Kvar mann på garden har sin slåtteteig der, og til å føra heim høyet har dei også kvar sin båt. Som tidaste gjeng det så til, at alle fem båtane følest om morgonen inn vatnet, og då ingen vil vera dårligast å ro, går det fort. Midt for Niparne er vatnet smalast. På nordsida står fjellveggen ende bratt ned i vatnet. Innenfor Niparne vider vatnet og dalen seg ut igjen, og der vert rom for lier mellom vatn og fjell. Her er det, dei samlar høyt, og her skilles båtane; kvar tek sin teig.

Det er svært steinet og ulendt i disse lier. Ein må bruke sigd eller stutturv, skal ein koma noko veg. Bare inn i Botnen kan ein bruke langorv; men slåtten der varer ikkje meir enn ein dag. Når graset er slått eller skåret, vert det boret på ryggen ned til båten, om det er så vått, at det renn av det. Er det for bratt til å gå med byrd, vert graset stappa i sekker, som er ihopbundne som garn av sekkjatau, det er snøre så tjukke som klessnorer. Slike høysekker ser ut som store grønne baller, og ruller ned over berg og upser med rivande fart. Stundom går det lukt ned i vatnet, så ein lyt ro ut med båten og dra dei opp att. Ved nonstid (kl. 3) vert folka jamnast ferdige å reisa heim. Det båtlaget som er først ferdige til heimferd, tek gjerne på å skoia og hutta, så det skraller i nutane. Så svarer dei andre, og snart dreg den eine båten etter den andre heim. Eg likte svært godt å vera med

på slike ferder. I det heile trur eg, at både sjæl og lekam vart utvikla litt vel av å ta tidlig del i heia- og strandslåtten. Men før eg slutter med å fortelle om mine minne om slåtten på Veen, må eg omtale

## GAMLA GUNNVOR

Mannen hennes, han Knut på Plassen, var død. Plassen var lagt under garden. Far og Gunnar Garvollen hadde fått halvparten kvar med dei ord, at Gunnvor skulle få levebrød til sin dødsdag. Ho var sidan ein månad hjå kvar. Det lika ho sjølv best. Alltid var ho rask og rørig og hjelpte til med arbeidet, alt ho orka. I høyværet var ho især levande av seg. Såg det ut til regn, ropa ho: «Skunna dokke folk! Skunna dokke!» Var det på heia, og ein skulle høya i berg og bakkar, tok ho seg tidt føre og segja, kor kvar skulle begynne, og korleis dei skulle stille seg, så alt skulle gå fort. Sjølv sprang ho som ein ungdom, enda ho var bortimot 70 år. Om sommeren gjorde ho kvar søndag, når ho var heima, ein tur til den gamle plassen sin. På den staden, husa hennes hadde stått, og der ho med sin mann hadde levd så mange lykkelige dager, song ho ei eller fleire av dei salmane, som stod for dagen i Kingos salmebok. Ellers trillet ho gjerne på ei salme mest, kor ho gjekk og stod. Ingen av barna hadde ho meir omsorg for enn meg, kanskje fordi eg så lenge var småleg og laut ha tilsyn. Hadde ho noko å gje bort, så fekk eg det, om det ikkje var anna enn ein potet steikt i eldmyrja (glohaugen). Eg var også den einaste, som fekk halda kistenøkkelen hennes. Det var en messingnøkkel, mest så blank som gull. Ingen hadde slik nøkkel, og ho var også så redd for den, som om det skulle vore eit gullsmykke. Far kalla henne støtt moste (tante – søster til mor hans), som ho også var. Ho døyde i 1856, og far gjorde ei likferd som det skulle vore mor hans.



## SKULEGANGEN TEK TIL

Eg var omlag 8 år, før eg byrja å lesa. Der var skule, og eg skulle gå, men kunne bare bokstavane og til og med stava litevetta. Det gjorde meg vondt, at så mange av mine jevnaldringer var komne lenger, og eg strævde så hardt, eg kunne. Sjukdom i barnealderen var grunnen til, at eg var bakfor dei andre. Skulemeisteren dreiv just ikkje så mykje på. Eg satt heile dagen med ABC-boka, som sluttet med ein hane, og læraren såg lite eller ikkje etter, korleis eg les.

Det var omgangsskule. Om hausten heldt læraren to dager skule hjå kvar gardmann, om våren ein. Dei barna, som ikkje høyrde til på garden, gjekk sjelden heim om kvelden, men var om natta på den garden, skulen vart halden på. Noko mat hadde dei med seg, der dei var. Då som no var det den skikk, at dei åt 4 gonger om dagen, 2 gonger tørrmat og 2 gonger våt. Tørr mat åt folk til morgons og til nons, d.e. kl. 3 ettermiddag, og våt mat til daurs (kl. 10-11 formiddag) og til kvelds.

Til morgons var det velling, kokt helst av geitamjølkk og byggmjøl, og attåt var det smør, flatbrød og ost eller pølsa og steik, som anten var steikt på panna eller på tein. Denne steiketeinen kan mest liknast med ein uhorvelig stor gaffel, ein eller to alner lang. På den trødde dei inn steik og pølser og heldt over elden, til dess alt var steikt. For at ikkje feitet skulle renne i elden, vart steika stundom stroke på ein fjordongsmåle (1/4-del av ein brødleiv).

Til nons var det kjøtt eller fisk eller smør, ost og flatbrød. Sjeldent vart sild brukt så høgt til fjells. Sjøfisk var heller ikkje stort i bruk. Folk fiska sjølv den fisken dei bruka, og det var aure og ål. Den auren som var kvit i fisken, vart eten fersk, den som var raud, vart nedsaltet og brukt i spekje.

Til daurs og til kvelds var det for det mest graut og mjølkk, søt eller sur. Om hausten var det og mykje poteter og mjølkk, og på forsommeren, når geitene mjølka mest, var det iblandt «skilt», det er søk mjølkk, som er skilt i mysa og dravle (hagletta).

Når daursmaten var ferdig, kom kona inn i stova og sa til skulelærer og skulebarna: «Nå må de halda opp», eller: «Nå må de venda atter», og då vart det med eit stilt, om dei så sat alle og skråla og les høgt kvar i si bok. Læraren sa med stiv vurnad: «Legg sammen!» og barna slo bøkene ihop alle på ein gong. «Kva les du, når du får deg mat?» spurte læraren eit av barna. Det, som vart spurt, var å lesa: «I Jesu navn går vi til bords» eller «Vår disk og duk er alt beredt» eller ei annen bønn, som barnet hadde lært. Så gjekk borna frå bordet og tok bøkene med seg. «Våt mat» vart sett på bordet og kona i huset sa: «Vær så god og sett dykk bort!» og så sette læraren seg i høgsætet, og dei framande skuleborna, det er dei, som ikkje høyrde til på garden, sette seg på begge sider av langbordet, gutane på øvre benkjen og gjentene på forsætet eller benken framfor bordet. Var det mange born, laut dei setja eit lite bord nedenfor langbordet, så alle skulle få rom. Om kvelden gjekk det likeeins til. Denne vakre skikken var i mi barnstid i bruk i heile bygda, men så vidt eg veit ikke i noko annan bygd.

Men når så mange småbarn skulle trøngja seg til bord, og fleire langa til i samme fatet, kunne det ofte gå løye til. Skubbet dei kvarandre, kunne ein koma til å spille, det som han hadde i skjeia, og då vart det fnising og lått, så læraren laut visa, at han var herre, sjølv om dei sat til bords og åt.

For folk som skulle ta imot skulen, var disse masse-måltid til ikkje lite kostnad. Borna var ikkje blyge ved slike bord. Dei laut både eta seg mette, og så skulle der etter god skikk og bruk væra løyvinger att. Kona laut stå og passa på og bera fram meir, der det trongs.

Hjå Tjøl Hovland gjekk kona ut, medan borna åt, anten det no var, fordi ho ikkje brydde seg om å passa på, eller ho ville få fatt på noko, som skulle til. Borna åt alt det, der var satt fram på bordet, og da der ikkje kom nokon inn med meir, holvet ein liten galning den skåla, han hadde ete i; dei andre gjorde det samme, læraren med, og så gjekk dei frå bordet. Då kona kom inn, lå alle fat og kopper holvde på bordet.

Ein annen stad gjekk det mest likeeins til. Kona var ute, og det vart for lite. Då ho kom inn, slo ho ihop begge hender og sa: «Gud sjølv! Ja men hev de ete opp alti ihop?» Ho vart så forfjamsa, at ho mest ikkje ensa kva ho sa; for det var ei stor skam, at det skulle verta for lite.

Non (middag) gjekk skuleborna til det huset, der dei var om natta. Der tok dei nistet sitt og åt rugbrød og smør og ost eller kva det nå var, dei hadde med. Likedan om morgonen. Kona i huset sette fram anten suppe eller mjølkk. Når ein var på garden, der ein hadde skyldfolk, turvte ein ikkje ha mat med seg. Eg hadde aldri mat med meg når der var skule på Hovland, Espeland og Maudal, men bare når han var på Sundvor og Malmei. Fleire gardar høyrde det ikkje med til skuleruta unntagen Lanes; men Lanes var ein einbølt gard, som det aldri var skule på; for mannen der hadde korkje hus eller mat til å ta imot alle skuleborna. Det var ikkje forbudt å gå i skule i ei annen rute. Ein haust gjekk eg både på Ivesdal, Eikeland og Asheim.

Ifall læraren heldt så mykje skule i ruta si, som han skulle, så hadde kvart barn 8 veker skule om året. Det var altså ikkje så mange dagar; men så vara skulen meir enn 6 timar kvar dag, når ein tek unna mandag og laurdag. Om mandagane kunne det henda, at lærar og born ikkje kom til garden



der skulen skulle haldast på, før midt på dagen, eller framimot non. Om laurdagane sluttet skulen kl. 11. Dei andre dagane varte skulen mest heile dagen, og kvelden med, så nær som når folket åt. Der var skule frå kl. 9-11, frå 12-3, frå 4-6.

## DEN FØRSTE LÆRAREN MIN

Torleiv Gjeidreim heitte den første læreren min. Det var ein stor lang kar. Målet hans var ei blanding av bygdamål og stivt bokmål, og faktene hans og heile måten å væra på var deretter. «Nå må de setja dykk opp!» skreik han, når skulen skulle begynne, og då sprang borna som skremte sauer. Først song me nokre vers i Kingo salmebok. Så las han bøna, og så spurte han leksene. Kwart barn hadde lekse si, der dei var komne i boka si. Nokre hadde leksene fram i boka, andre i artiklane, somme i bønnene og somme i sakramentene. Læraren las opp spørsmål etter boka, og borna svara. Noko utgreidinger var der ikkje tanke om. Var der nokon som ikkje kunne lekse, laut han sitja inne i fritimen. Når læraren hadde fare rundt bordet på overhøyning, fekk me anten timelekse eller lekse «inni bok». I første tilfellet laut me læra nokre svar i forklaringa hans Pontoppidan, den såkalla «dubla» (Sandhet til Gudfryktighet), i siste tilfellet var det å lese nytestamentet. Var det lesing foruten (uten-att) vart det for kvart barn utmålt, kor langt det skulle læra; «derifrå og dit», sa læraren, men når det var lesing inni boka, gjorde han seg sjeldan bry med å seie, kor me skulle lesa i testamentet. Me kunne lesa, kor me ville. «Les nå!» sa han, og då tok kvart barn på i si bok så høgt, det var i stand til. Det vart eit humetott og eit skrål som i argaste drikkestova, det var ein larm som i eit kvernhus. Der skulle gode øyre til å tåla det.

Læreren sjølv var nok trøtt av den duren; for når lesinga börja, dreiv han tidt ut og tala med mannen, som sette i stand sledane, eller guten, som hogg ved, eller dei, som stod på låven, og stundom skjemtet han med gjentene ut i kjøkkenet. Borna lika best, at han var ute. Då kunne dei gjera, som dei ville. Somme les, og somme tala og lo. Stundom treiv dei bøkene frå kvarandre. Nokre måtte alltid mumla, som om dei skulle lesa; for, skulle læraren ikkje høyra leseduren utanfor, så ville det gå galt. - Ein gut heldt ein gong på å ropa: Han Salve, han Salve, han les for oss alle – han Salve, han Salve, han les for oss alle - , medan Salve las så høgt, han kunne. - Når timen var omme, kom læraren sendende i ein fart. Vart han var nokre ustykke, når han kom i døra, sprang han til bordet og reiv i håret og klypte. Så slo han en kjepp i bordet, og då vart alt stilt.

Leksene vart høyrde over. Hadde det vore lesing inni boka, borna hadde bala med, så skulle kvar seia, kva dei hadde lest om. Ivar Dalen, som var den løgnaste av skulekameratane mine, sa stødt, at han hadde lese om Nikodemus. Om Nikodemus las han også mest kvar dag, bare han var god til å finna det kapittelet. Namnet drog han svært ut: Ni-ko-de-mus – mus, mus mus! ropa han; han tottest skjøna, kva det var. Men katten skulle ta musa, kviskra han til den guten, som sat ved sida. Når læraren spurte: «Hva leste du om?» og Ivar svarte: Nikodemus, slapp han jamnast for fleire spørsmål.

Men ein gong gjekk det verre. Gjeidreimen kom på å spørja: «Hva gjorde Nikodemus?» Ivar svara då: «Helbreder de syge.» Han fekk fleire spørsmål, så nå viste det seg, at han ikkje visste noko om Nikodemus, som han heller ikkje hadde lest om den dagen. Ivar gav så løgne svar, at eg, som den tid skjøna noko, laut le. Alt var så løye; for eg sat med han Ivar den dagen og hadde høyr, kva han las om, og visste at det ikkje var om Nikodemus.

Men nå vart Gjeidreimen sint fyrst på Ivar, som ikkje kunne gjæra greie for det, han hadde lese, og så på meg som lo. Eg vart tilsagd å gå ut etter ris. Men då eg ikkje kunne tru, det var meinina til skulelæraren, at korkje eg eller nokon andre skulle få stryk, så tok eg nokre tørre kvister av eit gamalt lauvkjerv, som geitene hadde ete lauvet av, og bar inn til læraren. Då vart G. endå meir sint; og nå skulle eg ha ris, fordi eg ikkje hadde funne opp høvelige riskvister. G. strauk sjølv ut etter nokre mjuke bjørkekvister og gav meg fleire slag på hendene, så det svidde fælt, men skamma totte eg var endå værre. Eg tottest ikkje å ha fortent det; for eg lærte alltid leksene mine, og meinte

at eg ikkje hadde vore værre enn dei andre; for dei lo også.

Det var både første og siste gongen, eg fekk ris, og eg har seinare mange gonger tenkt på det, og trur endå i dag, at det var det besta Geidreimen gjorde meg; for av det lærte eg, at ein skulelærer ikkje må vera for snar til å ta til riset. I alle dei åra, eg har vore lærar, har eg bare brukt riset ei gong. Det var ein tjuvaktig gut, som stol eit skjerf. Eg kvidde meg for å gjera det, og ville ha gitt det over til lensmannen; men då guten heller ville ha si straff av meg enn av lensmannen, totte eg synd om han og laut gjera det.

## SKULEDAGEN VAR LANG

I skulen dreiv me på med lesing mest heile dagen; men når nokon hadde lært å lesa, fekk han lov til å skriva alle bokstavane og litt samanskrift, så skulle han sitja og rekna mest heile dagen, ifall han ellers ville læra å rekna. Så lenge som G. helt skule, var det få, som ville, for det var for mykje hovedbrot. Det var nå helst ikkje meir enn eit par stykke, som skreiv. Eg gjorde både å rekna og skreiv, men dreiv det ikkje langt; for G. let meg driva med desse fagene, som eg ville, og såg ikkje stort etter meg.

Velle, bror min, lærde etter Cramers reknebok dei 4 reknemåter og regulatri, og då han hadde hug å læra brøk, spurte han G.: «Men når det nå er mindre enn ein heil, korleis skal ein då rekna?» - «Å, du», svara G., som ikkje kunne brøk og heller ikkje ville være ved det, at han stod fast, «då bruker me ikkje tall, men bare teikn». Det skulle då vera gildt å læra det, meinte Velle. Gjeidreimen skreiv då opp på tavla ein mengde med krosser, kroker og strek og sa: «Så er det; men det er så mykje hovedbråt og brukast så lite, at det er ikkje værdt å læra det. Det er få, som kan det.» Velle lærte ikkje, han heller.

Om skumringa når ein om hausten og vinteren ikkje kunne sjå å lesa, byrja Gjeidreimen til å spørja «or grunnen», og då samlast vaksne folk seg inn og hørde på, så det vart liksom ein oppbyggelse. G. hadde ord for seg å vera ein gjæv grunnspørjar. Han tok dei same spørsmåla opp att mest kvar skumring, så ein mest kunne svara, før han spurte, og då alle borna fekk lov å svara alle på ein gong, var der mest liksom mykje ljom av spørjinga som av lesinga.

Eg kjem enno ihug spørsmåla til G., og kva svar han ville ha, og skal her skrive opp, korleis han vanligvis byrja:

Kven hev skapt deg? Gud Fader.

Kven hev gjenløyst deg? Guds Son.

Kven hev helliggjort deg? Gud den Hellige ånd.

Kva fekk du i skapelsen? Lekam og sjæl.

Kva fekk du tillige med legemet? Lemmer og 5 sanser.

Nemn dei fem sansane! Syn, hørsel, lukt o.s.v.

Kva ser du med? Kva høyrer du med? o.s.v.

Kva er eit lem? «Alt det ein kan skille fra eit legeme og leve endå.»

(Anna svar ville han ikkje veta av her.)

Nemn ein lem? Ein fot, ein arm, ei hånd, ein fing.

Kor mange klasser klassifiseres mennesket i? Ubodferdige, bodferdige og sanne kristne.

Og nå gjekk spørjinga ut på, kva ein skulle gjera for å verta salig. Etter spørjinga song borna ei salme, og læraren las bøna i salmeboka eller den kveldsbøna som stod bakerst i forklaringa.

Etter denne kveldsspyrjinga, som jamnast slutta mellom kl. 8 og 9 om kvelden, var borna fri og turvte ikkje læra lekser til neste dag; men ifall læraren ikkje spurte om kvelden, laut barna læra lekser, kvar i si bok.

Då skulebarna var om natta på den garden, skulen var, vart det før det meste mykje leik. Om vinteren var det morosamt å renna på skjeiser, ski eller kjelker; vår og haust lika me best «å ta kappert» bumma, slå munken, gjæta geitene o.s.v. Men ifall at nokon banna eller gjorde noko anna

gale, og læraren fekk veta det, fekk han anten ris eller «ein pistel», og då syndaren tidt kunne velja, kva han ville av desse to ting, trudde eg, at dette var mest det samme, det første eg kom i skulen. Først då eg hadde lært meir å lesa, skjøna eg, at det å få «ein pistel» ikkje var å få stryk eller ein piska, men lyta læra eit stykke i kyrkjeboka (salmeboka) forutenatt; men at «pistel» eller epistel var det same som eit brev eller eit stykke av eit brev frå ein apostel, det hørde eg ikkje på skulen, men eg trudde tvertimot at «pistel» var den verste straff, som nokon kunne få.

Det var visst ikkje Geidreimen som hadde funne opp denne måten å tukta born på. Han fann knapt opp noko nytt, men styrte alt, som lærarane før han hadde gjort, og han hadde ikkje ord for å være urimelig. Verre var føremannen hans, han Lars Brådli, som i fritida lokka borna til å gå langt bort, og så når dei kom att, gav han dei ris, fordi dei hadde gått så langt, at dei ikkje kunne koma til rett tid. Han var ein galning, som gjorde det eine stykket etter det andre. Ein gong narra han ein skulegutt til å kle av seg og gå inn i eit gamalt klokkehus, som stod opp etter ein vegg. Då guten var kommet inn i det trange rommet, lukka han att døra, og så laut guten stå der mest ei heil natt. Han torte ikkje ropa om hjelp; for han var redd skulemeisteren, og ingen annen visste kor han var.

I mine to siste skuleår var min bror Velle skulemeister. Han sluttet med å la alle borna lese høgt på samme tid, men let dei lese, ein om gongen, mens dei andre skulle følgja med og sjå etter, om det vart lese rett. Og så let han alle borna skrive ein time eller vel det om dagen, og når så kona i huset eller gjenta trefte til å koma inn og sjå, at alle sat og skreiv rundt om heile bordet, slo ho ihop hendene og sa: «Nei, nå hev eg aldri sett slikt bord!»

## BJERKREIMSKYRKJA BYGD 1835



*Det vart ei stor oppleving for Jonas Vellesen,  
då han for først gang i 1852, var til den nye store Bjerkreimskyrkja.  
Han hadde hørt mye tale om dette stor byggverket.*

## FØRSTE GONG TIL KYRKJA

Etter gamal rekning skal det være 2 ½ mil frå Veen til Bjerkreimskyrkja. Ein kan derfor ikkje undrast stort på, at eg var 10 år gamal, då eg fekk væra med til kyrkja. Laurdagen framføre den første søndag etter trinitates 1852 følgte eg Gunnvor til Hegelstad, og dagen etter skulle eg få væra med til kyrkja. Me gjekk om Ivesdal og Elling Øygard førte oss over Håfreiste. Eilev og Ingeborg Hegelstad tok godt imot oss, og om morgonen var me så tidlig oppe, at me var før dei

andre på kyrkjevegen. Det var ei forvetnelig reis. Eg fekk sjå mange gardar og fjell og dalar, som eg ikkje hadde sett før; men det største og gildaste, eg fekk sjå, var då kyrkja. «Å nei, å nei!» sa eg og slo ihop hendene, då eg fekk augo på henne.

Far og mor var og med til kyrkja den dagen og gjekk til alters. Dei reiste heimantfrå tidlig; men då dei hadde raske hestar til å rida på, kom dei tids nok til Bjerkreim. Far følgte meg borttil kyrkja, lenge før presten kom. Han synte meg grava til far sin og fortalte meg, om då han var liten og første gong var med far sin til kyrkja (det var til gamlekyrkja) Deretter gjekk me rundt kyrkja; for eg skulle få sjå henne væl frå alle kantar.

Sidan gjekk me inni og såg oss om alle stader. Me var oppe i tårnet og såg klokka. Far hadde sterk tru på alt det som høyrde kyrkja og prest til, og med alvor og vyrnad synte han meg alteret, preikestolen, døypefatet og stolane og fortalte, kva alt dette vart bruka til. - Sidan då tjenesten skulle börja, spurte Kjetil Ivesdal, om eg ikkje ville væra med ham i den første stolen, så eg fekk betre sjå og høyra. Jau, det ville eg. Klokka byrja å ringa. Slik klang hadde eg ikkje høyrte før. «Veit du kva denne klokkeklangen skal tyda?» spurte Kjetil. Nei, det visste eg ikkje. «Jau, det skal minna oss om den store basunklangen på domedag, når Jesus kjem ned frå himmelen og ropar alle opp av grava,» kviskra Kjetil. - Sidan kom prest og klokkar, og der vart song og tale. Presten talte om den rike mann og Larzarus. Kva han sa, skjøna eg ikkje; men om den rike mann og Lazarus hadde mor meir enn ein gong fortalt meg, så teksten var ikkje framande. Etter denne kyrkjeferda stod kyrkja med bøn, song og tale for meg som eit himmelrike her på jorda.

Det var helst sjeldan at folk frå Veen kom til kyrkja for skuld den lange vegen; men kvar søndag song dei heime dei salmane, som stod på dagen i salmeboka hans Kingo, og les ei preik i huspostillen. Husbonden styrte songen og les. Skikken var så alminnelig, at folk trudde ikkje, det kunne å gå an å væra gardamann, unntagen han kunne lesa teksten om søndagane. Mange les godt; men sume kunne lite lesa og laut stava seg fram.

Om ein husbonde er det meg fortalt, at då han les preika og kom til ordet «Herren», som i preikeboka var prenta med bare store bokstavar, ropa han på kona si og sa: «Kari, kom og sjå, om det er Herren alt dette langa!»

Eg trur, at far kunne syngja mest alle salmer i Kingo, og dei huspostiller, han bruka var helst Luther, Møller, Brockmann og Johan Arnt. Om vintrakveldane les han bøni anten i salmeboka eller i «Nådestolen». I travelt arbeid om sommeren vart dette for det meste forsømt. Denne lesinga gjorde meg godt og, eg skulle ønskja at det vart gjort så i kvart hus. Far les også mykje i Bibelen. Han hadde lest den fra ende til ende minst to gonger. Han tala tidt om det han hadde lest i bibelen, og dette gjorde, at eg og börja lesa i bibelen. Eg tok på å ville lesa han ut, medan eg var smågut; men eg vart ikkje ferdige med meir enn dei historiske bøkene. Då eg kom til lærerskriftene og dei profetiske bøker vart eg yvergoven (oppgitt) og laut gje opp den tanken om å lesa heile bibelen; fordi eg skjøna så lite av det. Men det eg hadde lest i bibelen, tenkte eg mykje på, og stundom kunne eg kome til å grubla så eg mest gløymde alt annet.

For å likna Abraham, som bygde Herren alter av stein og ofra og bad under bare himmelen, tok eg meg føre, når eg var aleine og gjette, og ingen såg meg, å leggja ihop eit alter av stein, og framfor dette la eg meg på kne og bad.

## BYGDEDANS OG JULETRU

Når eg kom på å grunna på ein ting, gjekk eg til Kjetil Ivesdal for å få greie på saka. Kjetil var sjukleg og heldt seg til syster si, ho Torgjerd Veen. Han var ein gudelig mann, som stødt heldt seg til boka. Ha vart aldri trøyt til å greia ut dei spørsmål, eg kom med, og å fortelja bibelsoga. Då han bruka sitt bygdamål, var han lettare å skjøna enn skulemeisteren, og alt det han sa, trudde eg på som berget. Av ham lærte eg, det var synd å dansa, spela kort og mora seg saman med ungdomen.

Dei meste folka på garden hadde ei annen tru. Det første, eg kan minnast, var det dans mest

kvar søndagskveld. Kvar mann på garden heldt hus etter børt eller tur. Dansen slutta før leggetid. Kvar gjekk til seg, les bøna og song, før dei la seg; men då Kjetil kom til garden, og syster hans vart vekt, vart det slutt med denne søndagsdansen. Når den eine mannen nektet å halda hus til leik for ungdomen, så gjorde den andre likaeins. Det minket med dansen; ungdomen laut helst halda seg ute, og færre lærte seg til å spela. Far kunne spela på fela, farfar og morfar hadde også vore spelemenner, den eldste bror min var glup til å spela; men eg turte knapt ta fela i hånd. Eg trudde det var vondt i henne. Som sanglærer har eg tidt trega på , at eg ikkje lærte meg til å bruka fela.

Foruten bibel og salmebok var det få bøker, eg fekk fatt på i barndommen. Far hadde lest Snorre og Sakso, Krag's segner om skotter, Holbergs kyrkjehistorie og ei bok om apostlenes ferder og endå til krønikerne, om Roland, Holger Danske, keiser Karl den store, den troianske krigen og fleire; men nokre av desse bøkene hadde han lånt, og dei han sjølv åtte, var for det meste ute på lån, så eg såg sjeldan noko til dei. Når dei var heima, vart dei lesne høgt om vintrakveldane for alle i huset, liksom der av og til vart fortalt eventyr. «Kjempeboka» eller Per Sys kjempeviser hadde me også då og då, og visene vart tidt både lesne og songne. Dette var min barnalære i historie eller saga, og den var nå ikkje så galen heller.

Om underjordiske eller haugtusser og om nisser og dverger vart der også fortalt mykje; men far trudde ikkje noko på det. Meir tru hadde han på «Algår-rio» eller oskereia. Då far var liten, satte dei kross på kvar einaste dør i Maudal for å berga seg for henne på julaftakvelden. Ein julaftakveld gløymte ein mann å krossa stalldøra. Då han så om kvelden gjekk ut for å gje hesten, var hesten borte. Han gjekk inn att og sa at det ikkje var noko; for hadde han sagt det, så hadde han aldri fått att hesten sin. Men då han seinare på kvelden gjekk ut att, stod hesten på stallen så sveitt, at det draup av ham. Han hadde vorte tatt av oskereia. Eg var og med å krossa dørene juleaftakvelden, men det var bare for moro skuld.

Ellers var det liksom alle gamle truer vakna opp til jul, liksom dei gamle skikker kom i bruk att. Då fekk gjerne ungdomen lov til å mora seg inne ein stad med leik og dans. Likeeins gjekk det, når det var brudlaup. Brudlaupet varde jamnast i 3 dager, men stundom 4. På Veen gjekk det mest ein heil dag til stovegang eller til å «gå på garden». Alle brudlaupsfolk skulle fara frå mann til mann for å gjera seg til gode med mat og drikk. Det var for det meste sødt eller surt skilt (hagletta), lefsa og gome og brennevin.

## BRUDLAP I GILJABREKKA

I Giljabrekka var eg i brudlaup hans Torleiv og Kristina Garvollen. Der var bare ein mann på den garden. Då folk skulle leggja seg, gjorde dei opp senger mest over heile loftsgolvet. Folk låg i store rekker med hoved til alle kanter, så eg ikkje i all mi tid har sett så mange sovende på same rom. Dei meste var frå Veen. Då me for over Vindaheia og skulle heim att, sa mor, at dei skulle ta kvar sin stein og leggja i ei rekke på eit flatt berg i skiftet mellom Veen og Brekka, så folk seinare kunne få sjå, kor stort «brudle» var. Så vart gjort. I den første enden var der oppsatt 2 store steiner for brudgom og brud. Sidan la dei små lyftesteiner for kvar av dei vaksne, som var med og den siste enden mindre steiner for borna. Ein av desse er merkte for meg. Eg trur, eg var på lag 10 år gamal den gongen. Slike steinrader, som er til merkje på, kor stort brudle eller brurefølge var, kallast eit brudle, og i gamle dager la dei støtt opp slike brudle, seier dei, når brudle for ein veg, som folk ikkje tidt ferdast på i flokk og følge.

Denne vegen ferdast eg ellers fleire gonger, når eg følgte til Dirdal og tok heim att kløvhestane, når nokon skulle til byen (Stavanger). Smør, ost, vadmél og det, me ellers hadde å selja, vart kløvja til Dirdal, der byfolka leigte seg båt og rodde til byen. Men der laut fylgja nokon med å ta att hestane, liksom ein også møtte på Dirdal med hest, når dei, som reiste til byen, kom att. I den nevnte Giljabrekka var der bratt kløvveg, derfor vart det kalla Sterte-Brekka.

Då eg var på lag 11 år gamal fekk eg sjølv væra med til byen. Det var om hausten, og



vasskaldt var det å ferdast i båt så lang veg; men likavel var det ei gild ferd; for eg fekk sjå så mykje; skip, båter, hus, tårn, - kram- på krambuier og så ein mengde folk, at ein mest kunne verta tryllt. Båtlaget var i byen på tredje dagen. Kor Nils og Tønnes (det var dei eg følgte) gjekk, var eg med, og alle stader hadde eg augene med meg. På heimvegen møtte me slik motvind, at me laut liggja værfaste på Ådnøy fra laurdag til mandag. Der hadde Lars Veen ein plass, og hjå han vart me godt mottekne. Om søndagen var me på Husabø, og sidan for me mest rundt heile øya. Dagen etter bles det ikkje meir, enn det let seg gjera å ro til Dirdal. Her møtte ingen oss med hest, så me laut setja dei tyngste varene etter. Så tok me beinleia opp den bratte Dyrkålbakken om Dyrkålstølen og Vådland.

## GLOPPEDALSURA



*Mange av steinblokkene er store som hus. De kommer fra sørsiden av fjellet, hvor de styrtet ut når innlandstiden trakk seg tilbake for flere tusen år siden. Jonas Vellesen forteller om flere sagn og historier i minneboka si om denne ura, men disse er ikke tatt med her.*

## KONFIRMASJON

I året 1856 gjekk eg og les for presten. «Lesarane» laut møta tyrsdag kl. 9 om morgonen i Bjerkreimskyrkja. Då eg hadde så lang veg, laut eg om mandagane reise ut etter til Ivesdal eller Asheim om natta, og derifrå tok eg til Bjerkreim dagen etter. Etter ein lang veg laut me stå eit par timar eller vel det i kyrkjegangen, medan presten spurte, så me ikkje var mykje kvilte, når me skulle

ta på heimvegen, Det var mange gonger så trøytande og travelt, at den førnemde Ivar Dalen, som var lesekameraten min, ein gong sa: «Bare Gud kunne gje eg kunne sleppa fram, så skulle eg ikkje lesa for mange gonger.» Han meinte han ikkje skulle møte for mange gonger for presten.

Endeleg kom me så langt, at me skulle verta «uttekne» eller «få vita vissa» dvs. om me kunne få sleppa. Den dagen reid eg. Det fekk eg ellers også gjera. Før presten kom, stod mange skjelvande. Me laut fram for presten ein for ein og høyrast over. Han spurte mest endefram etter boka. Den, som kunne svara i Pontoppidan og les dei opp på eit vis, klarte seg, om han lite eller ikkje skjøna av det han hadde sagt eller ramsa opp. Dei, som slapp, gjekk glade bort frå presten, etter at dei hadde gitt han offeret. Dei, som vart styrte, gret og gav seg sårt. Ein frå Apeland vart spurt: «Hvilken er den levende Guds kunnskap?» Ikkje svar. Han fekk fleire spørsmål, men kunne ikkje svara. Så tok han opp ein dalar og helt framfor presten. Han trudde vel at det skulle hjelpa. Men presten sa: «Nei, nei! Behold dine penger! Du mangler den levende Guds kunnskap», og sukkande gjekk han bort. Men då seinare far hans gjekk til presten, slapp guten lika godt.

Eg tenkte med meg: Det må gå galt til, ifall eg skulle verta styrt. Ein av gutane, Thomas Klausson Bjerkreim, hadde nettopp, før presten kom, ropa ut i flokken, at, dersom eg vart styrt, så vart dei alle ihop. Boka tottest eg kunna på fingrane. Eg vart framropt og klarte alle spørsmål høgt og greit.

Konfirmasjons- eller «dåpsfestardagen» var ein våt mørk haustdag. Eg reid til Asheim laurdagen framfor for å koma til tida. Den blakke hesten var ein av dei beste travarane i bygda, og om søndagsmorgonen let eg han gå. Eg kom tidlig til Bjerkreim. Velle, som helt skule lenger nede i bygda, møtte meg der og hjelpte meg til å binda på den kvite halskragen og vela på bunaden. Så bar det til kyrkja.

I utskotet og langt ut etter trappene var det stappet med folk. Det var lesarane og mange av slektingane deira, som var forvetne på kor høgt den og den lesaren skulle stå på kyrkjegolvet. Presten hadde den skikken, at han sette borna etter dugleiken. Kor trur eg skal få stå, tenkte eg. På nummer 1 er nok ikkje å tenka. I manna-minnet har ingen overfor Ivesdal fått det nummeret. Den eldste bror min fekk nummer 9 eller 10 det året, begge soknar stod ihop. Dei andre brørene mine slik; Tønnes var nummer 2, Gabriel 10, og Velle, som nå er skulemeister, var også nummer 2 som Tønnes. Det var ikkje å venta, at eg skulle koma høgare enn dei.

Nei, det var nok ein frå den faste skulen på Bjerkreim, som vart nummer 1, enda eg ikkje trur, dei er dei beste. Men det får nå væra, som det kan. Nummer 2 eller 3 vert eg då.

Medan eg stod såleis i dungjen og tenkte, kom klokkaren. Han helsa på Velle og tok også meg i handa, og var svært blid. Så tok han ei liste opp or frakkelommen, stelte seg med mykje vynnad i døra og börja ropa opp namna. Namnet mitt nevnte han først. Eg stod bakanfor mange andre under lemmtrappa; men gutane gjorde veg til meg, og eg gjekk inn golvet og stelte meg på nummer 1.

Då både gutar og gjenter var stelte i rekke kvar på si side, kom presten (Jens Schmidt). Det var ein godsleg mann som for fint og stilt fram, når han spurte, og dei meste totte også, han tala godt. Især var han rørt, då han tok løftet av oss og tala til oss frå alteret, og eg og fleire med meg vart og rørt.


Då me kom ut av kyrkja, var der mange, som ynskte meg til lukka, og i folkedunjen hørde eg på begge sider, at folk kviskra: «Sjå der er han, som stod nummer 1.» Det var holdt for ei stor æra å ha den plassen. I Bjerkreimgarden, der folk plar stansa og tala med kvarandre både om det eine og det andre, nappa ein vaksen kar meg i trøya og bad meg fylgja tilsides. Så tok han ei pælaflaske opp av lommen og sa: «Nå er du vaksen kar; drikk! Men du var kar, som kom framfor alle andre.» Men brennevinet var ein ting som eg var redd, og det var bare så vidt eg smaka på flaska hans.

Det lei langt på dagen, før me for frå Bjerkreim, og eg kom ikkje lenger enn til Ivesdal om kvelden. Då eg dagen etter reid heim, råka eg fleire, som spurte meg, kva nummer eg fekk, og då dei ville veta det, totte dei det var ei æra for dei øvre gardane. - Prestane gjorde rett, då dei slutta

med å setja borna etter nummer. Folk gjorde alt for mykje leven av det.

Året etterpå, eg hadde gått for presten, var eg heima på Veen, og deltok i allslags gardsarbeid; men då eg var yngste sonen, var det ikkje å tenkja på anna, enn at eg laut ut i verda. Huguen stod til boka, og derfor tenkte eg mest på å verta skulemeister. Men far hadde ikkje tru på dette. Han ville heller, at eg skulle til byen og stå på ei krambu. Men kva det nå skulle verta, så visste eg, at eg laut både rekna og skriva. Det var lite, eg kunne, av begge deler. Rekneboka hans Feragen var nylig utkomen, og den fekk eg meg. På skulen hadde eg etter gamle Cramers reknebok reknet dei 4 reknemåter (species) i unevnde brøk (bråt) og decimalbrøk (tiendedelsbråt). Tidelsrekning (regulatri) lærte eg også etter denne boka. Bare forkortinga i den samansette tridelsrekning kunne eg ikkje få greie på utan hjelp.

## BJERKREIMSTUNET 1875



## MOLTE OG SMØRPREIK PÅ BJERKREIM

Til Bjerkreimskyrkja reiste folk i mengdevis kvar høgtidsdag; påske, pinse og nyttår (1ste juledag var der preik på Helleland), og ellers nokre preiker om sommeren, som «moltepreika», når moltene var modne, og «smørpreika», når dei tok med seg smørtollen til presten. Unggutane hadde då tidt med seg brennevin i ei flat pælaflasa, som var høveleg å ha i lomma. Gjentene hadde med seg egg, helst til påske og pinse. Gutane krevde påskeegg av gjentene og skjenkte brennevin. Gjentene lest ikkje vera av med egga, så gutane skulle riva og slita dei ifrå dei. Stundom slo guter og gjenter seg isaman til lag og heldt til anten på loft inne på Bjerkreim eller ute på marker og voller, når været var godt. Rettane i slike gjestebod var egg og kyrkjekaker (kaker som dei hadde med seg til niste) og brennevin. Til multepreika kunne dei til og med ha med ein amber med multer.

Det var ikkje bare Bjerkreims ungdom, som stelte seg slik; gjesdalsbuer, timebuer, hellelandssokninger og eigersundsokninger strøymde til Bjerkreimskyrkja på slike preikedagar og var ikkje eit hår betre enn dei andre, heller verre. Når dei reiste til Bjerkeimskyrkja totte dei, dei kunne gjera, som dei ville. Der var fritt spel.

Ungdomen likte slike skikkar, og dei, som var sjølskrevne til å forandra dei, torte ikkje tru seg riktig til; for dei meinte gutar og gjenter ein stad laut høvast å læra kjenna kvarandre. Dei visste, at slikt kjennskap tidt hadde vore årsak til bryllaup og livsvarande samvære. - Det seier seg sjølv, at ikkje alle kunne bruka brennevin med måte, ikkje ein gong på ei kyrkjeferd. Det hende at

ein eller annen fordrakk seg, og slike hendinger sette eit stygt ord på Bjerkreimsbuar, om så utenbygdingar var verre enn dei.

## JONAS VERT SKULEMEISTER

Våren 1857, då eg var 15 år, gjekk eg i skule hjå klokkar Skule Thorsteinsen på Bjerkreim. Eg hadde nista med meg og budde på Røysland. Skule skreiv vakkert, og av ham lærte eg å skriva mykje bedre, enn eg kunne frå før. Eg börja også litt med rettskriving og stil; men med det gjekk det svært tungt; for eg var ikkje god for å finna ord. For ein stil om dei gamle Fønkarane fekk eg ein karakter, som lydde så: «Meget mådelig, må aldeles omskrives.» Men så hadde eg ikkje heller lest mållæra (gramatikk), og eg kunne ikkje tala dansk.

Om hausten heldt eg meg også ei tid på Bjerkreim, og då eg slutta sa Skule, at eg nå hadde lært så mykje, at eg kunne vera skulemeister. Han visste ikkje om nokon skulemeister, som kunne rekna så mykje som eg, og med hensyn til rettskriving og stil var der heller ikkje stort nokon som kunne det, og det var ikkje så nøye med det. Heimsoga, Norgessoga og Jordkunna (geografi) var der ikkje tale om.

Frå våren 1858 til slåtten börja, heldt eg skule i ruta på Heia i Bjerkreim. Eg börja skulen hjå Lars Helland, og sidan heldt eg også skule på Hetland og overhøyring på Laksesvela. Borna var vant med hogg og slag, så skulen var ei skræmsle for dei, men eg skjøna, at det ikkje gjekk an å ta det på den måten; for der var skuleguter, som mest var så gamle som meg og godt kunne mæla seg med meg i storleik og kan hende i styrke med.

Endå mindre ville eg fara hardt fram med borna; for eg visste for vel med meg sjølv, kor leit det var, når læraren hoppet og slo for lite og ikkjevetta. Det var ikkje noko gagn i det. Eg bad borna lesa og være strevsame og fara fint åt; for ellers kunne dei ikkje berga seg, når dei skulle for presten og endå mindre kunne dei stå seg for Gud, som ikkje tok nokon til seg utan dei gode. Gjorde dei det, så skulle eg være så snill, som noko lærar kunne være. Men var dei ulydige, så skulle eg ikkje lenge halda skule for dei. Då fekk dei gå for den andre læraren, som dei vel alle kjente. Jau, borna lydde og for så fint fram, som born kunne gjera.

I fritida var eg med dei heim og «tok koppert», og stundom sette me oss ned på leikvollen, medan eg fortalte dei eit og anna av det, eg hadde høyrte og lest. Dei fortalte også, ifall dei visste noko. Borna bad meg, at eg støtt og stadig skulle være læraren deira, og jamret for, at at den gamle læraren slo dei så fælt.

Når barna om kvelden gjekk heim, totte eg stundom, det var langsomt. Eg totte det var større hugnad å vera ihop med skulebarna enn med dei vaksne; for sjølv var eg meir barn enn vaksen. Då slåtten skulle börja, laut skulen slutta, og eg måtte då be «vel fara» med desse vennene mine og reisa heim.

Far låg då så sjuk, at alle trudde, det ville verta banen hans. Han hadde lege tilsengs mest eit heilt år og var så avmagret, at han ikkje kunne røra anna enn armer og hender. Han kjente gikt eller blodverk i kvar led. Eit menneske måtte stå oppover ham og hjelpa han. Ein måtte snu han snart til den eine og snart til den andre sida. Snart laut ein dra ein fot opp i senga og leggja klær under, for at han skulle liggja krokert, og snart laut ein retta foten ut att, så han kunne liggja rett.

Det vart nå så, at eg skulle vaka og passa på han far om nettene; men så skulle eg sleppa å vera med slåtten om dagane. Å vaka om natta og passa på sjuke er ikkje det beste arbeid. Det er så tungt å sjå på dei som lid vondt. Far var tolmodig; men det røynte på. Så mange venner og slektningar, som kom og såg om ham, vart reint forfælt over, at han, som hadde vore så sterk og rask, nå var så småleg.

I slutten av august var der bispemøte (visitas) på Helleland. Eg kunne ikkje for vel lata vera å møta fram; for det kunne henda, at presten ville, eg skulle spørja borna i heieruta (skulen eg hadde hatt). Far var ikkje verre, enn han hadde vore lenge, og me trudde ikkje at enden var så nær. Om

søndagen stilte eg meg på kyrkjegolvvet på Helleland, blant dei framspurne og svara prest og bisp, og om mandagen trudde eg, at eg skulle spørja skuleborna.

Med kyrkja råka eg 3 av dei største skulegutane mine. Dei hadde skyldfolk på Birkeland i Helleland sokn og akta seg dit om natta. Dei spurte om ikkje eg ville følgja dei, så fekk eg så nær veg om morgonen. Jau, dette var betre enn å gå tilbake til Bjerkreim for natta. For desse vennene mine sa eg, at eg var redd, det ville gå galt, når eg skulle spørja for bispen, for eg var for ung. Dei vart forundret over dette; dei trudde plent, at eg var betre enn den gamle skulemeisteren. Nå var eg for redd, meinte dei. Det ville nok gå godt. Dei skulle nå gjera det beste dei kunne, med å svara.

På Birkeland vart me godt mottekne. Borna på garden bad oss å vera med ut om aftenen og halda moro, og me hoppa og sprang ut på vollen og gjekk bort i ein lund og hentet nøtter. I dette laget forsvant alt omsyn for «den dag i morgon» bort. Eg hadde heller ikkje noko til å ottast for. Presten hadde sendt bod til den gamle skulemeisteren, som nå kunne overta posten sin atter, og fegen var eg, at eg slapp spørja for bispen.

## LIKFERD

Då eg kom heim att låg far lik. Nå trega eg på, at eg hadde gjort denne ferda. Medan eg vaka over ham, hadde eg kvar natt tala med han. Han hadde alltid full sans og samling; men nå hadde eg gitt mykje, om eg hadde fått sagt ham nokre ord til farvel. Mor bar fram helsing frå ham. Han hadde blant annet bedt om, at det måtte gå godt for meg på bispemøtet og ellers alle dager. Korkje han eller nokon annan hadde rådd meg frå å reisa, men talt meg til.

I likferda møtte grannar og dei næraste skyldningane. Det var ikkje skikk, at prest og klokkar skulle vera med, korkje i sørgjehuset eller på grava. Torkjell Veen og Gunnar Garvollen song. På bjerkreimsbrua møtte den velvyrde lensmann på Bjerkreim Tønnes Torleivson. «Det er sama folket», sa han; «Eg har alltid likt han Vetle Veen godt, og me var trimenningar. Eg vil difor visa han den æra og syngja han til kyrkja», og så gjekk han føre kista og song etter Kingos salmebok: «Løft opp ditt Hoved all kristendom». Då liket var gjøymt i grava like ved grava til farfar, bad lensmannen fylgjet væra med ham heim. Det kunne turvast å kvila litt, for vegen var lang, sa han. Me takka og fylgte, og då me hadde gjort oss tilgode med mat og drikk, reid me heim att, og likferda var gjort etter skikk og bruk.

Preika etter «kasta presten jord på kista» og heldt ein fager tale på grava. Medan far låg sjuk, hadde han (presten Smith) vore på Veen og gitt ham sakramentet. Smith var ein tungförd mann, han trong ein dag fram og ein dag tilbake. Han var heima hjå far om natta. Då han reiste att, sa han til far: «Gid du beholder tålmodigheten og troen på Jesus!» I gravtalen hørdest det, at presten hadde dei beste voner, og mi von også, at eg skal møta far hjå min himmelske far.

Då likferda var til endes, byrja eg med det vanlige gardsarbeidet att. Om hausten henta eg nøtter på stranden ved Indrevatn og fylgde med Nils og Tønnes til marknaden i Stavanger og selgte omlag 2 skjepper. Men ærendet var helst for å sjå meg om, og der var også noko å sjå. Der krydde av folk i kvar gate. Some stader var det mest umulig å koma fram. Dei meste stræva med å kjøpa og selgja; atter andre bare for moro. Marknadssøndagen var me i Domkyrkja og eg hørde for første gongen orgelspel, og eg totte mest at eg var i himmelen.

## MINNEBOKA FORTSETTER

Jonas Vellesen skreiv vidare om sine minner fra da han vart voksen og flyttet ut fra Veen. Han var ei tid på krambu i Stavanger, men dette arbeidet trivdes han ikke med. Deretter vart han skulemester i Gjesdal. Det lå nok nærmere hans interesser. Etter to år i Gjesdal, gjekk han på lærlingskulen som den tre år eldre broren Velle Vellesen holdt i Time. På denne skulen gjekk og



Arne Garborg. Deretter fikk han lærerpost i Birkenes i Aust-Agder der lærerlønnen var 6 kroner i veka mot bare 4 i Rogaland.

Så gjekk han på «seminar på Holt» (lærerskule) i to år og fikk karakteren «Meget duelig». Her fikk han høve til å lese Ivar Aasen sine bøker og grammatikken hans og begynte å ta til orde for det norske målet som de fleste lærerne på den tid var imot. Han var lærer i Sand ett år før han vart tilsett som kirkesanger og lærer i Time etter broren Velle i 1866. Her arbeidet han i 15 år før han flytte til Enebakk utenfor Oslo der han var kirkesanger ved hovedkirken og lærer ved kirkebygds-skolen. Både i Time og Enebakk var han medlem av skulestyret. Fra 1890 var han herreds-kasserer for Enebakk. Han var med og stiftet Akershus Amtlærerforening, Akershus Mållag og var en ivrig talsmann for bruk av nynorsk. Jonas døde den 26. november 1915, 73 år gammel.

## BØKENE HANS

I 1889 kom den første læreboka hans. «Då det kom så langt med norskdomen, at det var bruk for skulebøker på norsk, la eg i veg med bokskriving», skreiv han sjøl. Men mange av bøkene kom både på norsk og dansk, så de kunne nå vidare. Skulebøkene kom i mange opplag og i 1912 var det trykt 400 000 av bøkene hans. De vart brukte over hele landet og noen plasser fram til 1950-60 åra. I Bjerkreim brukte lærerne Jørgen Skjæveland og Trygve Fuglestad boka: «Norsk emne med rettskriving til å skriva nynorsk» helt fram til den tida. Bøkene han skreiv var både i norsk, historie og bibelsoge og dessuten bøker for lærerne. Han skreiv i alt 17 bøker. De fleste bøkene er kommet ut i flere opplag. Dessuten har han skrevet en rekke småstykker i forskjellige blad og aviser.

## OM FAMILIEN

Jona Vellesen sin eldre bror Velle vart en flink lærer som mellom annet var lærer i Time med Arne Garborg som elev. Han vart seinere lærer på Hamar og til sist i Lillesand. Jonas hadde tre brødre og en søster til som voks opp: Nils var en flink felespeler og vart gardbruker på Espeland, der ætta enda held til. Tønnes fikk heimegarden, og har etterkommere som sitter som gardbrukere på Veen i dag. Gabriel reiste til USA og slo seg ned i Minnesota. Søsteren budde tidvis hos brødrene Jonas og Velle, og siden giftet hun seg.



*Jonas Vellesen Veen*